



UTDANNINGS
FORBUNDET

Vår dato
18.5.2010

Dykkar dato

Vår referanse
09/00243-3

Vår sakshandsamar
Per Arne Sæther

Avdelling
Avdelling for
utdanningspolitikk

Dykkar referanse
201001336

Arkivkode
62

Direkte telefon
24142079



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Høyring - framlegg til endringar i forskrift til privatskulelova - tilskott til dei særskilte skulane for funksjonshemma

Utdanningsforbundet meiner at mange av dei private skulane for funksjonshemma gir unike tilbod som byggjer på spesiell kompetanse utvikla ved skulane over år. Tilboda ved desse skulane finst oftast ikkje ved dei offentlege skulane. Vi er difor nøgd med at departementet tek i bruk heimelen i privatskulelova § 6-1 til å gi forskrift om tilskottsordninga for desse skulane.

Vi er einig i at det framleis bør nyttast to tilskottssatsar, ein for nokså ressurskrevjande elevar og ein for særleg ressurskrevjande elevar.

Vi støttar at ein fører vidare ordninga med at alle elevar ved ein skule får tilskot etter same sats og at tilskottssatsen vert fastsett i samband med godkjenning av skulen.


Utdanningsforbundet har merka seg at framlegget til forskrift inneheld ei fastsetjing med namn på kva for eksisterande skular som kjem inn under dei to tilskottsformene. Vi har ikkje grunnlag for å vurdere konkret om kvar einskild skule er rett innplassert, men stiller oss tvilande til om det er føremålstenleg å forskriftsfeste kva for tilskottssats den einskilde skulen skal ha. Det verkar lite fleksibelt i høve til at det må vere mogleg på grunnlag av endringar i elevsamansetjinga å vurdere endring av tilskottssatsen.

Utdanningsforbundet meiner det er rett at forskrifta - i tråd med vanleg praksis – skal innehalde krav om skulane må sørje for dokumentasjon frå ein instans utanfor skulen av søkjarane sin diagnose og/eller ei vurdering av behovet for å få eit tilrettelagd opplæringstilbod.


Vi har merka oss at departementet foreslår ein paragraf om forholdet til privatskulelova § 3-6 om elevane sin rett til spesialundervisning. Utdanningsforbundet ikkje merknader til framlegget til forskriftstekst, men vil understreke at vi ser det som sannsynleg at mange av elevane som får plass på desse skulane har rett til spesialundervisning. Det er viktig at inntak

på private skular som driv særskilt tilrettelagt opplæring for funksjonshemma, ikkje fører til at retten til spesialundervisning blir svekka.

Med vennleg helsing
for Utdanningsforbundet



Torbjørn Ryssevik
avdelingssjef



Per Arne Sæther
seniorrådgjever